


I studieprogrammet Grunnskolelærerutdanning med steinerpedagogikk for trinn 1-7 tilbyr HiOA Norsk 2, dvs. emne 4 i denne fagplanen.



HØGSKOLEN I OSLO  
OG AKERSHUS

# FAGPLAN

## Norsk 1 (30 studiepoeng)

## Norsk 2 (30 studiepoeng)

*Norwegian 1 (30 ECTS credits)*

*Norwegian 2 (30 ECTS credits)*

Grunnskulelærerutdanning med steinerpedagogikk for trinn 1-7

Fulltid

Studieprogramkode:  
XXXX

Emnekoder:  
MIGNO1100  
MIGNO1200  
MIGNO2100  
MIGNO3100

Fagplanen blei godkjent i studieutvalet 9. november 2016

Pensum oppdatert 22. mai 2017

Redaksjonelle endringar lagt inn 3. juli 2017

Gjeldande frå haustsemesteret 2017

Fakultet for lærarutdanning og internasjonale studium (LUI)  
Institutt for grunnskule- og faglærerutdanning



# Innhold

Fagplan .....	4
Norsk 1.....	10
Norsk 1, emne 1.....	10
Norsk 1, emne 2.....	13
Norsk 1, emne 3.....	17
Norsk 2.....	20
Norsk 2, emne 4.....	20

## Innleiing

Fagplanen bygger på forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanningane for trinn 1-7, fastsett av Kunnskapsdepartementet 7. juni 2016, nasjonale retningslinjer for grunnskulelærerutdanninga trinn 1-7 av 1. september 2016 og programplan for grunnskulelærerutdanning med steinerpedagogikk for trinn 1-7 ved Høgskulen i Oslo og Akershus (HiOA) og Steinerhøyskolen, fastsett av utdanningsutvalet ved Fakultet LUI 29. februar 2016 og av styret ved Steinerhøyskolen 13. februar 2018.

Lærerutdanningsfaget norsk skal gjere studentane kjende med dei omgrepa, tenkemåtene og uttrykksformene som er særskilte for norskfaget og skil det frå andre fag. Norskfaget er både eit humanistisk fag, eit hermeneutisk tolkande fag og eit språkfag. Norskfaget har ein historisk og nasjonal basis samtidig som allmenne og internasjonale perspektiv er sentrale for forståinga av det samfunnet vi er ein del av. Noreg er eit fleirkulturelt samfunn i endring, og norskfaget må heile tida utviklast i tråd med samfunnsutviklinga.

Som språkfag har norsk ein særeigen posisjon. Språket spelar ei fundamental rolle for læring, kritisk tenking og kommunikasjon. Språket er dermed sentralt for identitetsutviklinga til den enkelte språkbrukaren samstundes som det speglar og gir tilgang til kultur- og samfunnsutviklinga. Språket er inngangen til aktiv deltaking i arbeidsliv og demokratiske prosessar. Gjennom arbeid med språk og tekstar skal norskfaget i lærerutdanninga legge grunnlaget for at studentane kan medverke til at elevar utviklar språk- og tekstkunnskap og blir trygge og aktive språkbrukarar.

Litterære tekstar går i dialog med utvikling og spenningar, livsvilkår og tenkemåtar i kulturen. Både fiksjons- og saktekstar gir innsyn i kulturelle og historiske referanserammer og innbyr til refleksjon og kritisk tenking. Skjønnlitteratur har på same tid eit særleg potensial for styrking av førestellingsevne og empati. Arbeid med tekstar i ulike medium og sjangrar, frå fortid og samtid, skal legge grunnlaget for gode tekstval og litteraturarbeid som innbyr elevar på 1.–7. trinn til oppleving og tolking, nyskaping og kritisk refleksjon. Estetiske arbeidsmåtar understrekar norskfagets kunstfaglege karakter.

Grunnskulelæraren i norsk har eit særskilt ansvar for å utvikle tolkingskompetansen til elevane. I eit tekstbasert samfunn er evna til å forstå, skape og bruke skriftlege og munnlege tekstar ein føresetnad for å nå livsmål, kunne halde fram å lære og kunne delta på demokratiske og kulturelle arenaer. Tekstar er tett innvovne i dei kontekstane dei blir skapte og brukte i. Evna til å bruke, forstå og skape tekstar er derfor knytt til tolking av tekst og kontekst. I norskfaget blir kontekstmedvit trent gjennom tolking av tekst i både historiske og samtidige kontekstar.

Å lytte og tale, lese og skrive, sjå og vise er sentrale aktivitetar i all kommunikasjon og læring. Norskfaget gir kunnskap om slike prosessar og rikeleg høve til å praktisere dei i fagleg arbeid. Studentane skal vidareutvikle evna til å vurdere og diskutere tekstar dei sjølv og andre har skapt, og til å bruke ulike tekstar og medium i fagleg arbeid. Dei skal ha god kunnskap om korleis elevar utviklar og vidareutviklar grunnleggjande munnleg og skriftleg tekstkyndigheit, og dei skal rustast til undervisning i lesing, skriving og munnleg aktivitet tilpassa elevar med ulik bakgrunn og varierende ferdigheiter på trinn 1–7. Digital kompetanse er òg sentralt i samanheng med utvikling av grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving. IKT er derfor integrert i studiet, både knytt til fagdidaktisk arbeid retta mot norskundervisning i skulen og som reiskap i studentens eigen læringsprosess.

Studentane skal vurderast i bokmål og nynorsk. For reglar om fritak, sjå forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanninga for trinn 1-7, § 5.

## Målgruppe

Studentar som har fått opptak til femårig grunnskulelærerutdanning med steinerpedagogikk for trinn 1-7. Lærarar som ønsker vidareutdanning (gield ev. Norsk 2).

## Opptakskrav

Faget er tilgjengeleg for studentar ved grunnskulelærerutdanninga ved HiOA, i tråd med programplanen for utdanninga. Dei første 30 studiepoenga, Norsk 1, emne 1-3, er obligatorisk fag på lærarutdanninga trinn 1-7, Norsk 2 (30 studiepoeng) er valfag. Interne søkjarar som søker opptak til Norsk 2 medan dei framleis er aktive studentar ved grunnskulelærerutdanninga for trinn 1-7, kan få opptak utan å ha fullført Norsk 1.

Eksterne søkjarar (gjelde ev. Norsk 2) må ha bestått lærarutdanning som kvalifiserer for arbeid i skulen. Opptak til Norsk 2 krev fullført Norsk 1 eller tilsvarande.

Søkjarar som Utdanningsdirektoratet har vurdert til å ha lærarutdanning frå utlandet, men som manglar fag/studiepoeng for å bli godkjent lærar i norsk grunnopplæring, kan også søke. Slike søkjarar må i tillegg oppfylle kravet til generell studiekompetanse.

## Læringsutbytte

Læringsutbyttet er formulert i tråd med dei nasjonale retningslinjene for faget Norsk 1 og 2 trinn 1-7, sjå nærare omtale i emneplanane.

## Innhald og oppbygging av faget

Norsk 1 (30 studiepoeng) er bygd opp av tre emne à 10 studiepoeng. Norsk 2 består av eitt emne à 30 studiepoeng. Norsk 2 byggjer på Norsk 1. Undervisninga i Norsk 1 er lagt over tre semester, medan undervisninga i Norsk 2 er lagt til eitt semester. Minste kompetansegivande eining for dette faget er 30 studiepoeng.

Semester	Emnekode og emnenamn	Studiepoeng
Haust	MIGNO1100 Norsk 1, emne 1	10
Vår	MIGNO1200 Norsk 1, emne 2	10
Haust	MIGNO2100 Norsk 1, emne 3	10
Haust	MIGNO3100 Norsk 2, emne 4	30

## Fleirfaglege tema

I fleire av emna inngår fleirfaglege temaperiodar eller temaveker, i tillegg til at emna nedanfor er fagovergripande. Det gjeld arbeid med språk og læring, vurderingsformer, praktisk-estetiske arbeidsformer, begynnaropplæring og fellestema i samband med praksisretta oppgåver (sjå meir informasjon om praksis i fagplanen for praksis).

## Begynnaropplæring

Den første lese- og skriveopplæringa er hovudtema i emne 3 (10 studiepoeng) i Norsk 1, og studentane skriv og presenterer munnleg ei fleirfagleg fagoppgåve om begynnaropplæring med vekt på praktisk-estetiske læringsprosessar. I Norsk 2 får studenten utvida innsikt i temaet begynnaropplæring gjennom undervisninga, og det digitale arbeidskravet er retta mot opplæring på småtrinnet.

## Vurdering og kartleggingsverktøy, oppfølging og tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring for ulike elevgrupper er eit gjennomgåande perspektiv i undervisninga i norskfaget. Studentane lærer å vurdere korleis elevane utviklar seg i norskfaget. Dei tileigner seg kunnskap om og evne til å vurdere både kartleggingsverktøy og andre former for undervegs- og sluttvurdering. I emne 2 har studentane eit fleirfagleg arbeidskrav om vurderingsformer knytt til praksis.

## Grunnleggande ferdigheiter

Undervisninga i både Norsk 1 og Norsk 2 tek på ulike måtar vare på dei grunnleggjande ferdigheitene munnlegheit, lesing, skriving og digitale ferdigheiter. I Norsk 1 deltek studentane i eit fleirfagleg arbeid om språk, læring og grunnleggande ferdigheiter som også inkluderer den grunnleggande ferdigheita rekning.

## **Digital kompetanse**

Digital kompetanse og kunnskap om didaktisk bruk av digitale verktøy er integrert i arbeidsmåtene i faget. Dette gjeld til dømes arbeid med å lese, analysere og produsere samansette digitale tekstar. Studentane bruker i Norsk 1 digitale presentasjonsverktøy, arbeider med mappeskriving og analyserer digitale læremiddel. Dei gir i tillegg digital respons på ulike måtar i både Norsk 1 og 2. I Norsk 2 produserer studentane digital bildebok.

## **Lærararbeid i det mangfaldige klasserommet og internasjonale perspektiv**

Norskfaget er eit kulturfag. Studentane skal tileigne seg kunnskap og ferdigheiter som gjer dei i stand til å møte og forstå ulikskap og bruke mangfaldet som ein ressurs i norskfaget. Studentane skal forstå korleis identiteten til barn og unge blir danna i møtet med språk og tekst i eit samfunn med stort mangfald. Mangfaldsperspektivet inkluderer mellom anna tema som kjønn, seksualitet, funksjonalitet og ulik kulturell bakgrunn. Dette perspektivet blir vektlagt gjennom utvalet av tekstpensumet i norskfaget, og gjennom den tolkingskompetansen arbeidet med litteratur gir. I arbeidet med språk er språkleg variasjon og mangfald sentrale tema. I tillegg til gjennomgåande arbeid med nynorsk og bokmål, skal studentane legge til rette for læring for elevar som har eit anna førstespråk enn norsk.

I arbeid med skjønnlitteraturen i Norsk 2 får studenten undervisning i tekstar med historiske og globale perspektiv som kontrasterer og konfronterer studentens egne kulturelle og verdimesige ståstader. Slik kan studentane trene evne til refleksjon og forståing av menneskelege forhold og andre sine erfaringar. I Norsk 2 er nordisk kulturell og språkleg forståing og samarbeid vektlagt. I dette semesteret blir delar av undervisninga lagt til eit 3-5 dagars studieopphald i eit nordisk land. På pensum er det lagt opp nordiskspråkleg litteratur og internasjonal litteratur i omsetjing.

## **Estetiske arbeidsmåtar**

Estetiske arbeidsmåtar er ein viktig del av norskfaget. Det er ein sentral del i fleire arbeidskrav. I Norsk 1 gjeld det til dømes munnleg forteljing, i det fleirfaglege arbeidskravet i begynnaropplæringa knytt til emne 3, arbeid med digitale læringsressursar og arbeid med bildebok. I undervisninga i Norsk 1 og 2 møter også studenten dramapedagogiske arbeidsmåtar. Studentane har i Norsk 1 dramakurs og kurs i stemmebruk, song og musikk. I Norsk 2 er estetiske arbeidsmåtar vektlagt i arbeidskrava adaptasjon av klassikarar og produksjon av digital bildebok.

## **Forskningsforankring**

Gjennom møtet med forskning skal studentane utvikle evne til kritisk refleksjon over eigen praksis og den kollektive praksisen i skulen. I norskfaget blir studentane introduserte for forskingsbasert kunnskap og tileignar seg kompetanse i å kunne vurdere, bruke og formidle relevante og oppdaterte forskingsresultat. Det er ein progresjon i utviklinga av forskingskompetansen. I Norsk 1, emne 1 har studentane ei fleirfagleg oppgåve der dei reflekterer teoretisk over observasjonar frå praksis, i emne 2 leverer dei ei digital mappe med fagtekstar, og i emne 3 skriv studentane ei fagoppgåve om begynnaropplæring. Dette arbeidet skal leggje grunnlaget for det store FoU-arbeidet på Norsk 2, som utgjer den eine deleksamenen.

## **Psykososialt læringsmiljø**

Trening av tolkingskompetanse styrker demokratisk kompetanse, og skjønnlitteraturens særlege evne til å styrke førestellingsevne og empati kjem inn som ein viktig del av arbeidet med psykososialt læringsmiljø og nærskyldte tema i norskfaget (jf. innleiinga). Også arbeid med språk er relevant for arbeid med psykososialt læringsmiljø, mellom anna gjennom å lære å sjå kritisk på og vere medviten om korleis andre og ein sjølv brukar språket.

Det semesteret studentane tek emne 3, deltek dei i ei fleirfagleg temaveke om psykososialt læringsmiljø. Dette inkluderer ein fellesdag med studentar frå barnevern-, helsefag- og barnehagelærarstudiet på HiOA. I norskfaget dette semesteret vil studentane også arbeide med korleis dei kan bruke bildebøker i samband med tema som fellesskap og oppleving av det å stå utanfor, mobbing, vald og overgrep i nære relasjonar osb.

## **Samiske forhold og rettar**

Kunnskap om samisk språk, litteratur og kultur er ein viktig del av norskfaget. I Norsk 1 legg undervisninga vekt på samisk munnleg forteljing, eventyr og segner. I Norsk 2 får studenten utvida kunnskap om samisk språk, kultur og litteratur.

## **Berekraftig utvikling**

Berekraftig utvikling er ikkje eit eige tema i norskfaget, men arbeid med skjønnlitteratur styrker på ein særleg måte førestellingsevne og empati. Dette er sentrale føresetnader for å kunne medverke til berekraftig utvikling. I tillegg vil arbeidet med dei grunnleggjande ferdigheitene, også for studentane, styrkje den demokratiske deltakarkompetansen, og dermed føresetnadene for å arbeide konstruktivt for berekraftig utvikling. I løpet av semesteret med Norsk 2 deltek studentane i tillegg på ei fleirfagleg veke om berekraftig utvikling.

## **Praksistilknytning, klasseleiing og lærarrolle**

Praksisopplæringa i grunnskulelærerutdanningane er rettleidd og går over fire studieår. For nærare informasjon om praksisopplæringa, sjå plan for praksisopplæring i grunnskulelærerutdanninga trinn 1-7. For å sikre progresjon i praksisopplæringa beskriv planen profesjonstema for dei ulike studieåra. Fleire av arbeidskrava i norskfaget er basert på observasjonar og erfaringar som studenten får i praksisperioden. I Norsk 1 er det til dømes fleirfaglege arbeidskrav knytt til praksis i alle tre emne. I Norsk 2 gjeld dette mellom anna arbeidskravet om adaptasjon av klassikarar. I praksisperiodane arbeider studentane også med kva det vil seie å vere ein god klasseleiar og lærar.

## **Skikkavurdering**

Lærerutdanningsinstitusjonane har ansvar for å vurdere om studentar er skikka for læraryrket. Skikkavurdering skjer gjennom heile studiet med ei heilskapleg vurdering om kva faglege og personlege føresetnader studenten har for å kunne fungere som lærar. Ein student som utgjer ein mogeleg fare for elevane, livet, den fysiske eller psykiske helsa, rettane eller tryggleiken deira, er ikkje skikka for yrket. Studentar som viser liten evne til å meistre læraryrket, skal så tidleg som mogeleg i utdanninga få melding om dette. Dei skal få råd og rettleiing for å gjere dei i stand til å oppfylle krava om å vere skikka som lærar, eller få råd om å avslutte utdanninga. Avgjerder om studenten er skikka eller ikkje kan fattast gjennom heile studiet.

Sjå HiOAs nettstad for meir informasjon om skikkavurdering.

## **Arbeids- og undervisningsformer i faget**

Arbeids- og undervisningsformene i norskfaget vil i stor grad integrere dei faglege og didaktiske aspekta. Det vil vere ein kombinasjon av førelesing, gruppearbeid og individuelt arbeid. Studentane vil få variert erfaring med presentasjon, respons og fagleg refleksjon. Praktisk-estetiske arbeidsformer og digitale verktøy blir nytta i eigen tekstskaping, presentasjonar og tileining av fagstoff. Studentane vil vidare få erfaring med og innsikt i korleis dei kan nytte ulike praktisk-estetiske arbeidsmåtar og digitale verktøy på måtar som fremjar fagleg progresjon, mellom anna ved å tolke, vurdere og produsere ulike typar samansette tekstar.

## **Arbeidskrav**

Godkjende arbeidskrav og deltaking i bestemte faglege aktivitetar er ein føresetnad for å få rett til å ta eksamen. Arbeidskrav kan òg involvere framføringar og munnleg/skriftleg respons på andre sine arbeidskrav. Arbeidskrav skal vere leverte/utførte innan fastsett(e) frist(ar). Fråvær dokumentert med til dømes sjukemelding, fritar ikkje for å innfri arbeidskrav. Studentar som på grunn av sjukdom eller annan dokumentert årsak ikkje leverer/utfører arbeidskrav innan fristen, kan få forlenga frist. I kvart einskilt høve må studenten avtale ny frist med læraren for å innfri arbeidskravet.

Arbeidskrav blir vurderte til "Godkjent" eller "Ikkje godkjent". Studentar som leverer/utfører arbeidskrav innan fristen, men som får vurderinga "Ikkje godkjent", har høve til to nye innleveringar/utføringar. Studentane må då sjølv avtale ny innlevering og vurdering av arbeidskravet med faglærar.

I programplanen er dei fagovergripande temaa i dei ulike studieåra og semestera omtalte. I tilknytning til desse kan det vere krav til deltaking og/eller andre arbeidskrav.

Meir informasjon om arbeidskrav finst i emneplanane.

Det er obligatorisk deltaking i all undervisning, og dette er også eit arbeidskrav. Føremålet med undervisninga er å få erfaring med varierte arbeidsmetodar til bruk i klasserommet. Studentane skal utvikle kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse som dei ikkje kan tileigne seg berre ved lesing av pensum. I undervisninga opparbeider studentane profesjonskompetanse gjennom samhandling med medstudentar og faglærar. Undervisningsøktene inneheld studentaktive metodar som arbeid med læringspartnar, litterære samtalar, drama, klassedialog, spontane og planlagde studentframlegg og gruppearbeid, i tillegg til formidling av kunnskapsstoff.

Det er krav om oppmøte på minimum 80 % i alle emne. Ved frávær utover 20 %, og inntil 40 %, vil det bli gitt kompensatorisk arbeid som kan inkludere krav om oppmøte. Form og omfang blir bestemt av faglærar. Ved frávær utover 40 %, vil studenten bli trekt frå eksamen i emnet. Gyldig frávær dokumentert med for eksempel sjukemelding, gir ikkje fritak for kravet om deltaking og eventuelt kompensatorisk arbeid.

## Vurderings-/eksamensformer

Sem.	Emnekode og emnenamn	Sp.	Vurderings-/eksamensform	Vurderings-uttrykk	Sensor
Haust	MIGNO1100 Norsk 1, emne 1	10	Individuell skriftleg eksamen under tilsyn Målform: Bokmål	A-F	To interne sensorar
Vår	MIGNO1200 Norsk 1, emne 2	10	Individuell skriftleg mappeeksamen Målform: Nynorsk	A-F	To interne sensorar
Haust	MIGNO2100 Norsk 1, emne 3	10	Individuell munnleg eksamen	A-F	Intern og ekstern sensor
Haust	MIGNO3100 Norsk 2, emne 4	30	To deleksamenar: Deleksamen 1: Individuell munnleg eksamen  Deleksamen 2: Individuell FoU-oppgåve Målform: Valfri	A-F	Intern og ekstern sensor



## Vurderingskriterium for Norsk 1

Symbol	Nemning	Kvalitativ skildring for eksamen
A	Framifrå	Arbeidet viser framifrå kunnskapar og ferdigheiter innanfor kompetanseområda i faget. Det vitnar om framifrå evne til fagleg refleksjon og sjølvstendig tenking. Arbeidet er særst godt og korrekt formulert språkleg.
B	Mykje god	Arbeidet viser mykje gode kunnskapar og ferdigheiter innanfor kompetanseområda i faget. Det vitnar om mykje god evne til fagleg refleksjon og sjølvstendig tenking. Arbeidet er mykje godt og korrekt formulert språkleg.
C	God	Arbeidet viser gode kunnskapar og ferdigheiter innanfor kompetanseområda i faget. Det vitnar om god evne til fagleg refleksjon og sjølvstendig tenking. Og arbeidet er godt og korrekt formulert språkleg.
D	Nokså god	Arbeidet viser varierende og/eller avgrensa kunnskapar og ferdigheiter innanfor kompetanseområda i faget. Det vitnar om varierende og/eller avgrensa evne til fagleg refleksjon og sjølvstendig tenking. Arbeidet er delvis godt og korrekt språkleg formulert.
E	Tilstrekkeleg	Arbeidet tilfredsstillar minimumskrava til kunnskapar og ferdigheiter innanfor kompetanseområda i faget. Det vitnar av og til om evne til fagleg refleksjon og sjølvstendig tenking. Arbeidet tilfredsstillar minimumskrava til god og korrekt språkleg framstilling.
F	Ikkje bestått	Arbeidet viser utilstrekkelege kunnskapar og ferdigheiter innanfor kompetanseområda i faget og/eller arbeidet tilfredsstillar ikkje minimumskrava til god og korrekt språkleg framstilling. Evne til refleksjon og sjølvstendig tenking kjem ikkje til uttrykk.

## Vurderingskriterium for Norsk 2

Symbol	Nemning	Kvalitativ skildring for eksamen
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som klårt merker seg ut. Kandidaten viser svært god vurderingsevne, stor faglig oversikt og stor grad av sjølvstende. Arbeidet er særleg godt utforma både når det gjeld innhald og språk.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon som viser mykje god vurderingsevne og sjølvstende. Arbeidet er svært godt utforma både når det gjeld innhald og språk.
C	God	Solid prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei fleste områda. Arbeidet er godt utforma både når det gjeld innhald og språk.
D	Nokså god	Ein akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten viser ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende. Arbeidet er nokså godt utforma både når det gjeld innhald og språk.
E	Tilstrekkelig	Prestasjon som tilfredsstillar minimumskrava, men ikkje meir. Arbeidet er tilfredsstillande utforma både når det gjeld innhald og språk.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar minimumskrava fagleg og og/eller når det gjeld utforming av innhald og språk.

Utfyllande kriterium for FoU-oppgåva vil gå fram av retningslinjene som blir kunngjorde ved oppstart av emne 4.

**Rettar og plikter ved eksamen**

Retrane og pliktene til eksamenskandidaten går fram av forskrift om studier og eksamen ved Høgskolen i Oslo og Akershus. Forskrifta beskriv mellom anna vilkår for ny/utsett eksamen, høve til klage og kva som blir rekna som fusk ved eksamen.

# Emneplanar

## Norsk I, emne I

Emnekode og emnenamn	MIGNO1100 Norsk I, emne I
Engelsk emnenamn	<i>Norwegian I, subject I</i>
Studieprogrammet emnet inngår i	XXXX Grunnskulelærerutdanning for trinn 1-7
Studiepoeng	10
Semester	Haut
Undervisningsspråk	Norsk

## Språk, tenking, læring og kommunikasjon

### Læringsutbytte

Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbytte definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

#### *Kunnskap*

Studenten

- har kunnskap om språket i bruk, særleg semantikk, dialog og forteljing
- har kunnskap om språket som system
- har grunnleggjande kunnskap om barns språkutvikling
- har kunnskap om språkleg identitet, norsk som andrespråk og fleirspråkleg praksis
- har kunnskap om kva som kjenneteiknar munnlege tekstar, med vekt på dialog og forteljing
- har inngåande kjennskap til to vaksenromanar som omhandlar barndom og oppvekst

#### *Ferdigheiter*

Studenten

- kan bruke kunnskap om språk og språkutvikling i språkstimulerande arbeid og gjere greie for fagdidaktiske val som skal fremje munnleg og skriftleg språkutvikling hos elevar
- kan bruke kunnskap om forteljinga som munnleg og skriftleg tekst i arbeid med å leggje til rette for utvikling av skriftleg og munnleg kompetanse hos elevar
- kan vurdere læremiddel i forteljing, språk og grammatikk
- meistrar skriftleg nynorsk og bokmål og kan undervise elevar i begge målformer

#### *Generell kompetanse*

Studenten

- kan legge til rette for at elevane utviklar og vidareutviklar grunnleggjande språkferdigheiter
- kan planlegge og gjennomføre norskundervisning i sentrale språklege emne og gjere greie for elevtilpassa fagdidaktiske val

## Innhald

I emne I får studentane inngåande kunnskap om språket som system, grammatikk, og om språket som reiskap for tenking og læring. Dei får også god kunnskap om språket som reiskap for kommunikasjon og identitetsdanning, blant anna gjennom å arbeide med forteljing og dialog, og å skrive refleksjonstekstar.

## Arbeidskrav

Arbeidskrava må vere godkjende for at studentane skal kunne gå opp til skriftleg eksamen i norsk. Sjå fagplandelen ovanfor for nærare informasjon om krav til innlevering og vilkår ved manglande innlevering.

### **Munnleg forteljing**

Munnleg forteljing i gruppe på 10-15 minutt knytt til arbeid med stemmebruk. Gruppene skal vurdere kvarandre og utvikle og bruke vurderingsskjema med kriterium for framføringa. Studentane skal også framføre forteljinga for elevar i praksis i haustsemesteret. Føremålet med arbeidskravet er å lære og få erfaring med bruken av ein spesifikk praktisk-estetisk arbeidsmetode.

### **Fleirfagleg oppgåve i grunnleggjande ferdigheiter: Om språk og læring**

Ei fleirfagleg skriftleg gruppeoppgåve i samarbeid med pedagogikk og elevkunnskap og matematikk på 6000 ord +/- 10 % om grunnleggjande ferdigheiter, språk og læring, med påfølgjande munnleg gruppeframføring på 10-15 minutt. Bruk av digitale verktøy inngår både i den skriftlege teksten og i den munnlege presentasjonen. Føremålet med arbeidskravet er trening i observasjon og utvikling av kompetanse i å tolke observasjonar med utgangspunkt i teoretiske perspektiv. Dessutan skal studentane lære å bruke digitale verktøy. Innhaldet i arbeidskravet er basert på observasjonar i praksis og relevant fagleg teori.

Dersom den skriftlege delen ikkje blir godkjend, kan arbeidet forberast og leverast inn éin gong til. Dersom studentane ikkje møter til den munnlege framføringa, eller denne ikkje blir godkjend, kan dei etter nærare vurdering få eitt nytt høve til å presentere gruppeoppgåva.

Målform: Valfri.

### **Refleksjonstekstar**

Tre individuelle refleksjonstekstar skrivne på nynorsk på 700 ord +/- 10 %, knytt til munnleg forteljing, lesing av vaksenromanar og arbeid med grammatikk innanfor nærmare definerte fristar i undervisningsplanen. Føremålet med arbeidskrava er å arbeide med nynorsk skrivekompetanse og å reflektere over aktuelt fagstoff.

## **Vurdering**

### **Eksamensform**

Individuell skriftleg eksamen under tilsyn, 4 timar. Målform: Bokmål.

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Bokmålsordbok og/eller bokmålsordliste.

### **Sensorordning**

To interne sensorar. Ein tilsynssensor er tilknytt emnet etter retningslinjene for oppnemning og bruk av sensorar ved HiOA.

### **Vurderingsuttrykk**

Den graderte karakterskalaen blir nytta. A til E for bestått og F for ikkje bestått eksamen.

### **Ny/utsett eksamen**

Ny/utsett eksamen blir arrangert som ved ordinær eksamen.

## **Pensum**

Eventuelle endringar i pensum skal vere godkjende av studieleiar.

### **Teoripensum**

Birkeland, T. & Mjør, I. (2012) *Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademiske. Utdrag: Kap. 2. (13 s.)

Hertzberg, F. & Penne, S. (2015). *Muntlige tekster i klasserommet* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 3, 4 og 9. (27 s.)

Iversen, H. M., Otnes, H. & Solem, M. S. (2011). *Grammatikken i bruk* (3. utg.) Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Utdrag: Oppslagsdel s. 245–306. (61 s.)

Jansson, B. K. & Traavik, H. (Red.) (2014). *Norskboka 2*. Oslo: Universitetsforlaget Utdrag: Kap. 7-8. (23 s.)

Karsrud, F. T. (2010). *Muntlig fortelling i norskfaget. En vei til tekst- og tolkningskompetanse..* Oslo: Cappelen Damm Akademisk (120 s.)

Pollan, B. (1997). *Samiske beretninger*. Oslo: Aschehoug. Utdrag: Forord s. 15-40. (26 s.)

Roe, A (2008) (Lesestrategier. I *Lesedidaktikk – etter den første leseopplæringa*. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 4 (30 s.)

Theil, R. (2015). Semantikk. I R. Theil, B. Ø. Thorvaldsen & I. Tonne. *Språk i skolen. Grammatikk, retorikk, didaktikk*. Bergen og Oslo: Fagbokforlaget. s. 80-104 (24 s.)

Traavik, H. & Jansson, B. K. (Red.) (2013) *Norskboka 1*. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 1.1, 5-9, 11-13. (158 s.)

(Teoripensum emne I, sum: 482 sider)

### **Tekstpensum**

*To romanar som tematiserer barndom og oppvekst, ein på nynorsk og ein på bokmål.*

*Åtte eventyr, segner og mytar etter desse retningslinjene, minst to på kvar målform:*

- *To mytar*
- *To frå nordisk forteljingskultur*
- *Ei samisk forteljing*
- *Ei frå europeisk kultur*
- *To frå andre ikkje-vestlege kulturar.*

*To mellomspråkstekstar skrivne av elevar på mellomtrinnet.*

### **Referanselitteratur**

Læreplan i norsk. <http://www.udir.no/kl06/NORI-05>

Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett: <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1995). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dysthe, O. Hertzberg, F. og Hoel, T.L. (2010) *Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning*. Oslo: Abstrakt forlag.

## Norsk I, emne 2

Emnekode og emnenamn	MIGNOI200 Norsk I, emne 2
Engelsk emnenamn	Norwegian I, subject 2
Studieprogrammet emnet inngår i	MIGLU Grunnskulelærerutdanning for trinn 1-7
Studiepoeng	10
Semester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk

### Skriftlege og munnlege tekstar i norskfaget

#### Læringsutbytte

Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbytte definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

##### *Kunnskap*

Studenten

- har brei kunnskap om metodar i den andre lese- og skriveopplæringa
- har kunnskap om kva som kjenneteiknar munnlege, skriftlege og multimodale tekstar, på nynorsk og bokmål, i ulike sjangrar og medium
- har kunnskap om eit utval skjønnlitterære tekstar i ulike sjangrar og medium, med vekt på litteratur for barn og unge
- har kunnskap om språkleg identitet og litteratur for barn og unge som tematiserer språkleg og kulturell identitet
- har kunnskap om kartleggingsprøver, nasjonale prøver og læremiddel for 5.-7. trinn, både digitale og andre
- har kunnskap om lese-, skrive- og språkvanskar

##### *Ferdigheiter*

Studenten

- kan bruke kunnskap om språk og språkutvikling i språkstimulerande arbeid og gjere greie for fagdidaktiske val som skal fremje munnleg og skriftleg språkutvikling for elevar på mellomtrinnet
- kan planlegge, gjennomføre og evaluere elev- og klassesamtalar
- kan bruke kunnskap om kva som kjenneteiknar ulike tekstar og sjangrar i arbeid med munnlege, skriftlege og multimodale tekstar i ulike medium
- kan bruke ulike metodar i den vidare lese- og skriveopplæringa og tilpasse opplæringa for elevar med ulik bakgrunn og varierende ferdigheiter i norsk
- kan kartlegge og vurdere lese- og skriveferdigheiter og gi læringsfremjande respons til elevar på mellomtrinnet
- kan vurdere ulike norskfaglege læremiddel, digitale og andre, for elevar på mellomtrinnet
- kan kjenne att teikn på lese-, skrive- og språkvanskar
- meistrar skriftleg nynorsk og bokmål og kan undervise elevar i begge målformer

##### *Generell kompetanse*

Studenten

- kan legge til rette for at elevane utviklar og vidareutviklar grunnleggande språkferdigheiter og blir tekstkyndige språkbrukarar som kan delta aktivt i klasserommet og på andre sosiale arenaer
- kan planlegge og gjennomføre norskundervisning i sentrale litterære emne, skrivning, lesing og munnlege ferdigheiter og gjere greie for elevtilpassa fagdidaktiske val
- kan vurdere eigen praksis med gjeldande læreplanar, fagkunnskap og fagdidaktisk innsikt som grunnlag

## **Innhold**

Arbeidet i emne 2 bygger vidare på kunnskapane frå emne 1. I emne 2 arbeider studentane særleg med tekstar som kjelde til kunnskap, estetisk utforsking og identitetsdanning, samt som reiskap for demokratisk deltaking. Studentane arbeider med å utvikle eigen lese- og skriveferdigheit, lyttekompetanse og munnleg ferdigheit, og med å leggje til rette arbeid med desse ferdigheitene for mellomtrinnslevane. Dei arbeider med varierte typar tekstar, skjønnlitteratur og sakprosa, og varierte arbeidsmåtar til bruk for læring i norskfaget for mellomtrinnslevane.

## **Arbeidskrav**

Arbeidskrava må vere godkjende for at studentane skal kunne levere digital skriftleg mappeeksamen i norsk. Sjå fagplandelen ovanfor for nærare informasjon om krav til innlevering og vilkår ved manglande innlevering.

### **Vurdering og tilbakemelding**

Ei fleirfagleg individuell oppgåve i samarbeid med pedagogikk og elevkunnskap og matematikk på om lag 1800 ord der studenten arbeider med og reflekterer over vurderingsformer i tilknytning til matematikk og norsk. Føremålet med arbeidskravet er auka kunnskap om og ferdigheit i vurdering, samt etablering av fagleg grunnlag for å vurdere ulike vurderingsformer kritisk. Studentane hentar empirisk materiale frå praksisskulen når dei er i praksis.

Dersom arbeidskravet ikkje blir godkjent, får studentane ein ny frist til å levere eit nytt forbetra arbeidskrav éin gong.

Arbeidskravet inngår også i den skriftlege digitale arbeidsmappa i norskfaget, jf. neste punkt.

Målform: Nynorsk.

### **Skriftleg digital arbeidsmappe**

Arbeidsmappa gir tekstgrunnlag for den skriftlege digitale vurderingsmappa til eksamen. Til denne mappa høyrer tre lange akademiske tekstar.

Tre individuelle fagtekstar skrivne på nynorsk på mellom 1500 og 2200 ord etter nærare retningslinjer i dokument om skriftleg vurderingsmappe. Emna for tekstane er barnelitteratur, vurdering (jf. fleirfagleg arbeidskrav) og elevtekstanalyse.

Føremålet med arbeidskrava er å arbeide jamt med utvikling av akademisk skrivekompetanse og å reflektere over aktuelt fagstoff, samt gi tekstar å velje i til den skriftlege digitale vurderingsmappa.

Fristane for innlevering er definerte i undervisningsplanen.

Målform: Nynorsk.

### **Litterær samtale**

Grppesamtale på om lag 15 minutt om skjønnlitteratur og sakprosa for barn og arbeid med litteratur i klasserommet. Føremålet med arbeidskravet er å vise god kjennskap til tekstpensum i barnelitteratur, evne til refleksjon over litteraturen og arbeid med denne i klasserommet, samt å styrke kompetansen i bruk av litterær samtale.

## **Vurdering**

### **Eksamensform**

Individuell skriftleg mappeeksamen.

Studentane vel to tekstar frå arbeidsmappa (sjå under arbeidskrav over) etter nærare retningslinjer i undervisningsplanen. I tillegg skriv dei ein refleksjonstekst på om lag 900 ord, der dei mellom anna

grunngrir vala av teksttar til vurderingsmappa. Refleksjonsteksten inngår i vurderingsmappa saman med dei valde tekstane.

Målform: nynorsk.

Studentar som utan gyldig grunn ikkje har lagt inn teksttar innan fristane i arbeidsmappa, får ikkje levere vurderingsmappe, og alle tekstane i arbeidsmappa må vere vurderte til godkjent for at studenten skal få levere vurderingsmappa.

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Alle hjelpemiddel kan nyttast.

### **Sensorordning**

To interne sensorar. Ein tilsynssensor er tilknytt emnet etter retningslinjene for oppnemning og bruk av sensorar ved HiOA.

### **Vurderingsuttrykk**

Det blir gitt gradert karakter A-F, der A-E er bestått og F er ikkje bestått.

### **Ny/utsett eksamen**

Dersom studenten har stroke, kan han levere utbetra vurderingsmappe til ny eksamen. Også refleksjonsteksten må skrivast om for å gjere greie for endringane i tekstane i vurderingsmappa.

## **Pensum**

Eventuelle endringar i pensum skal vere godkjende av studieleiar.

### **Teoripensum**

Birkeland, T. & Mjør, I. (2012). *Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Utdrag: Kap. 1, 3, 7 og 8. (76 s.)

Jansson, B. K. & Traavik, H. (2014). *Norsk boka 2*. Oslo: Universitetsforlaget Utdrag: Kap. 1-2, 4-6, 9-11, 14. (204 s.)

Lillesvangstu, M., Tønnessen, E. S. Dahll-Larssøn, H. (Red.). *Inn i teksten – ut i livet. Nøkler til leseglede og litterær kompetanse*. Oslo: Fagbokforlaget. Utdrag: Kap. 2-3 og 14 sider sjølvvald pensum (60 s.)

Penne, S. & Hertzberg, F. (2015). *Muntlige tekster i klasserommet* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 5–8 (30 s.)

Skaret, A. (2014). «Hvis det her hadde skjedd på ordentlig, da hadde han snakket et annet språk.»: Om betydninger av litterære personers tale i bildebøker om kultur møter. Nordand. Nordisk tidskrift for andrespråksforskning, 9(1), 69-88. (19 s.)

Skjelbred, D. (2014). *Elevens tekst* (4. utg.) Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Utdrag: Kap. 1–9 (142 s.)

Sæbø, A. B. (2016). *Drama som læringsform*. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 1 og 4 (30 s.)

Tønnessen, E. S. (2014). Fra bildebok til app, eller bare litterære app. I Tønnessen E. S. (Red.) *Jakten på fortellinger*. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 8 (21 s.)

(Teoripensum emne 2, sum: 582 sider)

### **Tekstpensum**



Åtte barne- og ungdomsbøker, minst tre på kvar målform, og desse kriteria skal vere oppfylte:

- Nyare barne-/ungdomslitteratur
- Migrasjonslitteratur
- Omsett litteratur
- Klassikar
- Serielitteratur
- Sakprosa for barn

Eit utval på åtte noveller og forteljingar med historisk profil, og desse kriteria skal vere oppfylte:

- Ei svensk forteljing eller novelle
- Ei dansk forteljing eller novelle
- To kunsteventyr

Eit utval på to filmatiserte eller digitaliserte tekster

To elevtekstar skrivne av elevar på mellomtrinnet – ein sakprosaetekst og ei forteljing

To lærebok-/læremiddeltekstar

### **Referanselitteratur**

Læreplan i norsk. <http://www.udir.no/kl06/NORI-05>

Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett: <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K. B. (2005). *Norsk barnelitteraturhistorie*. Oslo: Samlaget

Dysthe, O. Hertzberg, F. og Hoel, T.L. (2010) *Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning*. Oslo: Abstrakt forlag.

## Norsk I, emne 3

Emnekode og emnenamn	MIGNO2100 Norsk I, emne 3
Engelsk emnenamn	Norwegian I, subject 3
Studieprogrammet emnet inngår i	MIGLU Grunnskulelærerutdanning for trinn 1-7
Studiepoeng	10
Semester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk

### Lese og skrive, lytte og tale. Arbeid med språk og tekstar i norskfaget, med særleg vekt på begynnaropplæring

#### Læringsutbytte

Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbytte definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

##### *Kunnskap*

Studenten

- har omfattande kunnskap om barns språkutvikling
- har kunnskap om språket som system og språket i bruk
- har brei kunnskap om metodar i den første lese- og skriveopplæringa
- har kunnskap om eit utval skjønnlitterære tekstar i ulike sjangrar og medium, med vekt på dikt og bildebøker
- har kunnskap om kva som kjenneteiknar munnlege, skriftlege og multimodale tekstar, på nynorsk og bokmål, i ulike sjangrar og medium
- har kunnskap om språkleg identitet, norsk som andrespråk og fleirspråkleg praksis for trinn 1-4
- har kunnskap om kartleggingsprøver, nasjonale prøver og læremiddel for trinn 1-4, både digitale og andre

##### *Ferdigheiter*

Studenten

- kan bruke kunnskap om språk og språkutvikling i språkstimulerande arbeid og gjere greie for fagdidaktiske val som skal fremje munnleg og skriftleg språkutvikling for elevar på 1.-4. trinn
- kan planlegge, gjennomføre og evaluere elev- og klassesamtalar
- kan bruke kunnskap om kva som kjenneteiknar ulike tekstar og sjangrar i arbeid med munnlege, skriftlege og multimodale tekstar i ulike medium
- kan bruke ulike metodar i den første lese- og skriveopplæringa og tilpasse opplæringa for elevar med ulik bakgrunn og varierende ferdigheiter i norsk
- kan vurdere ulike norskfaglege læremiddel, digitale og andre for elevar på 1.-4. trinn
- kan kartlegge og vurdere lese- og skriveferdigheiter og gi læringsfremjande respons til alle elevar
- kan kjenne att teikn på lese-, skrive- og språkvanskar
- meistrar skriftleg nynorsk og bokmål og kan undervise elevar i begge målformer

##### *Generell kompetanse*

Studenten

- kan legge til rette for at elevane utviklar og vidareutviklar grunnleggande språkferdigheiter og blir tekstkyndige språkbrukarar som kan delta aktivt i klasserommet og på andre sosiale arenaer
- kan planlegge og gjennomføre norskundervisning i sentrale emne og gjere greie for elevtilpassa fagdidaktiske val
- kan vurdere eigen praksis med gjeldande læreplanar, fagkunnskap og fagdidaktisk innsikt som grunnlag

## **Innhald**

I emne 3 byggjer arbeidet i norskfaget vidare på kunnskapane frå emne 1 og 2. I emne 3 arbeider studentane særleg med begynnaropplæringa og praktisk-estetiske arbeidsformer. Undervisninga knyter linjer tilbake til og utdjuvar det grunnleggjande språkperspektivet i emne 1, og byggjer vidare på og spissar tekstperspektivet i emne 2.

## **Arbeidskrav**

Arbeidskrava må vere godkjende for at studentane skal kunne gå opp til eksamen. Sjå fagplandelen ovanfor for nærare informasjon om krav til innlevering og vilkår ved manglande innlevering.

### **Fleirfagleg arbeid med begynnaropplæring**

Ei fleirfaglig skriftleg og munnleg gruppeoppgåve om begynnaropplæring på om lag 6000 ord i samarbeid med pedagogikk og elevkunnskap og matematikk. Den munnlege framføringa skal ha praktisk-estetiske element og har eit omfang på 10-15 minutt.

Føremålet med oppgåva er å få kunnskap om kompetansen elevane har i matematikk og norsk ved skulestart, og å få kunnskap om tydinga av arbeid med relasjonar i klasserommet. Vidare skal studentane erfare tydinga av praktisk-estetiske arbeidsformer i begynnaropplæringa. Føremålet er dessutan å vidareutvikle kompetansen i å beskrive og tolke empiriske data i lys av teoretiske perspektiv i ein akademisk tekst, jf. arbeidskrav i språk og læring i emne 1. Studentane skal observere i klasserommet og gjennomføre samtalar med barn ved praksisskulen i samband med arbeidskravet.

Dersom den skriftlege delen ikkje blir godkjend, kan arbeidet forberast og leverast inn éin gong til. Dersom studentane ikkje møter til den munnlege framføringa, eller denne ikkje blir godkjend, kan dei etter nærare vurdering få eitt nytt høve til å presentere gruppeoppgåva.

Målform: Bokmål

### **Lage ei bildebok**

Studentane lager ei bildebok for 5-7-åringen i grupper på to til fem studentar. Føremålet med arbeidskravet er at studentane skal bruke estetiske arbeidsmåtar og å modellere ei arbeidsform som er tenkt brukt på småtrinnet. Arbeidet med bildeboka er eit samarbeid mellom kunst- og handverk og norskfaget, og er dermed fagovergripande (jf. programplanen om fagovergripande tema ulike studieår).

Målform: Nynorsk.

### **Dikt, digitale og analoge uttrykksformer**

Studentane presenterer eit utval dikt i grupper ved bruk av digitale og analoge uttrykksformer, og bruk av musiske og dramapedagogiske element. Føremålet med arbeidskravet er å utforske ulike uttrykksformer for tekstskaping og tekstpresentasjon som modellerer arbeidsformer til bruk på småtrinnet. Arbeidet med diktframføringa er eit samarbeid mellom musikk, IKT, drama og norskfaget, og er dermed fagovergripande (jf. programplanen om fagovergripande tema ulike studieår).

## **Vurdering**

### **Eksamensform**

Individuell munnleg eksamen på om lag 20 minutt med 30 minutt førebuing.

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Alle hjelpemiddel tillatne i førebuingfasen.

### **Sensorordning**

Intern og ekstern sensor.

### **Vurderingsuttrykk**

Det blir gitt gradert karakter A-F, der A-E er bestått og F er ikkje bestått.

### **Ny/utsett eksamen**

Ny/utsett eksamen blir arrangert som ved ordinær eksamen.

## **Pensum**

Eventuelle endringar i pensum skal vere godkjende av studieleiar.

### **Teoripensum**

Birkeland, T. & og Mjør, I (2012). Barnelitteratur – sjantrar og teksttypar (3. utgåve). Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Utdrag: Kap. 4–6 og 10 (60 s.).

Couppé, H. (1997). Bokstaver, musikk og bevegelse. Bok 1 og 2. Oslo: Yrkeslitteratur (23 s.)

Hekneby, G. (2005). Elevens håndskrift. Skriftforming i grunnskolen. Oslo: Universitetsforlaget (70 s.)

Herrlin, K. & Lundberg, I. (2008). God leseutvikling, Kartlegging og øvelser. Oslo: Cappelen Damm (68 s.)

Håland, A. (Red.). (2005). Leik og læring. Grunnleggjande lese- og skriveopplæring på 1. trinn. Stavanger: Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning. (31 s.)

Kaldestad, P. O. & Knutsen, H. (2006). Diktboka. Om arbeid med poetiske tekstar i skolen. Oslo: Landslaget for norskundervisning: Cappelen akademisk. Utdrag: Kap. 1-7. (119 s.)

Lundberg, I. (2009). God skriveutvikling. Oslo: Cappelen Damm. (100 s.)

Solheim, R. & Aasen, A. J. (2011). Rettleidd lesing. Ei ramme for den første leseopplæringa.

I Norsklæreren nr 4. 2011. (10 s.)

Sæbø, A. B. (1998). Drama – et kunstfag. Oslo: Tano Aschehoug. Utdrag: Kap. 10 (6 s.).

Sæbø, A. B. (2016). Drama som læringsform. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 14, s. xx-xx (6 s.).

Traavik, H. & Jansson, B. K. (Red.) (2013) Norsk boka 1. Oslo: Universitetsforlaget. Utdrag: Kap. 1-4, 10 (101 s.)

(Teoripensum emne 3, sum: 594 sider)

### **Tekstpensum**

Minst femten dikt av forskjellige forfattarar

Minst seks rim og reglar

Fire bildebøker

To filmatiserte og/eller digitaliserte tekster

To elevtekstar skrivne av elevar på småtrinnet.

To lærebok-/læremiddel-tekstar

### **Referanselitteratur**

Læreplan i norsk. <http://www.udir.no/kl06/NORI-05>

Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett: <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>

Høigård, Anne (2013). Barns språkutvikling – muntlig og skriftlig. (3. utg.) Oslo: Universitetsforlaget

Dysthe, O. Hertzberg, F. og Hoel, T.L. (2010) Skrive for å lære. Skrivning i høyere utdanning. Oslo: Abstrakt forlag.

## Norsk 2, emne 4

Emnekode og emnenamn	MIGNO3100 Norsk 2, emne 4
Engelsk emnenamn	Norwegian 2, subject 4
Studieprogrammet emnet inngår i	XXXX Grunnskulelærarutdanning med steinerpedagogikk for trinn 1-7
Studiepoeng	30
Semester	Haut
Undervisningsspråk	Norsk

## Språk og tekst i norskfaget. Fordjuping i norskdidaktikk

### Innleiing

Norsk 2 bygger på Norsk 1. Emnet gir historisk bakgrunn og meir omfattande kunnskap om sentrale språklege og litterære emne, djupare innsikt i fagdidaktiske spørsmål i begynnaropplæringa og i norskundervisninga på mellomtrinnet, og betre fagleg grunnlag for arbeid med læringsfremjande vurdering og tilpassa norskopplæring for alle elevar. Studentane får òg gode høve til å vidareutvikle sine eigne språkferdigheiter og sin eigen tekstkompetanse og formidlingsevne. Bestått Norsk 2 gjev høve til å velje norskdidaktisk master eller master i begynnaropplæring.

### Læringsutbytte

Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbytte definert som kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:

#### *Kunnskap*

##### Studenten

- har inngåande kjennskap til teoriar om lesing og skrivning, begynnaropplæringa og den andre leseopplæringa for alle elevar
- har kunnskapar om kva for funksjonar lesing og skrivning har hatt og har i kulturen vår
- har kunnskap om leseyst og lesemotivasjon og tilpassa opplæring i leseopplæringa
- har omfattande kunnskap om munnleg kommunikasjon, munnlege og skriftlege sjangrar i ulike medium og innsikt i korleis elevar frå 1. til 7. trinn utviklar kunnskapar om desse og kan nytte dei i eige tekstarbeid
- har kunnskap om litteraturhistorie og brei kunnskap om skjønnlitteratur frå ulike tider, for barn, unge og vaksne
- har brei kunnskap om barnelitteraturteori, litteraturdidaktiske tilnærmingar og kunnskap om ulike litteraturteoretiske perspektiv
- har kunnskapar om språklege endringsprosessar i fortid og samtid og om sentrale kjenneteikn ved norske dialektar
- har kunnskapar om det nordiske språksamfunnet og nordisk språk og litteratur
- har kunnskap om samisk språk, litteratur og kultur og om nasjonale minoritetsspråk
- har kunnskap om skriftvariasjon og normeringsspørsmål i moderne norsk og gjeldande normering av nynorsk og bokmål

#### *Ferdigheiter*

##### Studenten

- kan organisere og drive tilpassa lese- og skriveopplæring etter fagleg grunnitte prinsipp for alle elevar
- kan legge til rette for at elevar på trinn 1-7 lærer å lese, skape, forstå, tolke, diskutere og reflektere over saktekstar og skjønnlitterære tekst i ulike sjangrar og medium
- har eit medvite forhold til korleis samtale mellom lærar og elevar, og samtale elevane imellom, kan fungere som reiskap for læring
- kan bruke språk- og tekstkunnskap aktivt i rettleiing av elevar i lese- og skriveprosessen

- kan legge til rette for elevars arbeid med begge målformer
- kan fortelje munnleg og legge til rette for den munnlege språkutviklinga til elevane
- kan rettleie i arbeidet med tekstar slik at elevane kan utvikle seg, skaffe seg kunnskapar og førebu seg for aktiv deltaking i offentlege rom og samfunnet som eit heile
- kan analysere og setje sentrale norske tekstar for barn og vaksne inn i ein historisk samanheng, tolke dei og reflektere over dei i lys av nordisk og annan internasjonal litteratur
- kan legge til rette for variert arbeid med både språklege og litterære emne og bruke teknologi på måtar som fremjar samarbeid og fagleg progresjon i begynnarpplæringa og den vidare lese- og skriveopplæringa.

#### *Generell kompetanse*

##### Studenten

- kan vurdere eigen praksis som norsklærer og grunnngi vurderingane
- kan vurdere og reflektere over kartleggingsverktøy i lesing og skriving og nytte resultatet av dei til tilpassa opplæring for alle elevar
- kjenner til norskfagleg og didaktisk forskings og -utviklingsarbeid og kan drøfte forskningsetiske problemstillingar
- kan planlegge, gjennomføre og vurdere fagleg og tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid på trinn 1-7 i samarbeid med andre
- kan skrive akademiske fagtekstar på bokmål og nynorsk

## **Innhald**

Undervisninga i Norsk 2 knyter linjer tilbake til og utdjuvar kunnskapen og ferdigheitene studenten har tileigna seg gjennom arbeidet med emna i Norsk 1. Sentrale tema i undervisninga er tekstanalyse og tolking, med vekt på barne- og ungdomslitteratur. Det historiske perspektivet og didaktisk bruk av skjønnlitterære klassikarar for vaksne og barn er ein viktig del av litteraturstudiet, saman med samtidslitteratur, bildebøker og samansette tekstar i ulike sjangrar.

Undervisninga gjev også utvida kunnskap om den første og den andre lese- og skriveopplæringa i eit notidig og historisk perspektiv. Lese- og skrivestrategiar og arbeid med fagtekstar, tilpassa undervisning, vurdering og kartlegging er viktige tema. Undervisninga går djupare inn på temaet norskopplæring for elevar med norsk som andrespråk er enn det Norsk 1 gjev høve til. Språkhistorie og språk- og dialektkunnskap gjev nøklar til å forklare variasjon og endring i talespråk og skriftkulturverk i dagens samfunn. Språkmangfald i Noreg og Norden blir vektlagt.

Sentralt i emne 4 er FoU-oppgåva. Oppgåva skal ha ei klårt formulert problemstilling som det må vera høve til å undersøke og utdjupe. I FoU-oppgåva skal studentane belyse og drøfte eit norskfagleg problem som er relevant i grunnskulen. Slik skal oppgåva gje studentane høve til å dokumentere fagleg kunnskap og innsikt. Studentane skal velje å fordjupe seg i eitt eller fleire tema i planen for Norsk 2, og kan velje å skrive ei teoretisk oppgåve, ei empirisk oppgåve eller ein kombinasjon. Ei teoretisk oppgåve tar utgangspunkt i analysar og drøftingar i aktuelle forskingsarbeid innan eit område og oppsummerer og samanliknar. Ei empirisk oppgåve bygger på ny informasjon som studenten sjølv samlar inn, eller bygger vidare på analyse av materiale som andre har samla inn.

## **Arbeids- og undervisningsformer**

Sjå ovanfor i fagplanen om arbeids- og undervisningsformer i norskfaget. I tillegg skal studenten dette semesteret arbeide med FoU-oppgåva.

Arbeidet med FoU-oppgåva er organisert som undervisning og kurs, rettleiing/rettleiingsseminar, innlevering av skriftleg oppgåve, munnleg framlegg og annan deltaking på konferanse der alle studentane presenterer oppgåveområda sine. Kvar kandidat vil få oppnemnt ein fagleg rettleiar. Temaområde, problemstilling og opplegg for oppgåva skal godkjennast av rettleiaren.

Undervisninga i norsk 2 skal mellom anna gje støtte til skriving av FoU-oppgåva. I tillegg til norskfaglege emne, skal undervisninga ta opp følgende tema:

- Utdanningsvitenskap for lærarar, sentrale forskingstradisjonar og metodar
- Forskingsetikk og grunnlagsspørsmål
- Seminar i pedagogikk som tek opp sentrale utfordringar i dagens grunnskole
- Skrivning i forskning om skole og undervisning og i læreryrket

Oppgåveskriving er ein problemløysingsprosess, der studenten skal belyse den valde problemstillinga si gjennom systematiske metodar som kan etterprøvast. Ein del av dette arbeidet vil til dømes vere å arbeide fram eit oppdatert kunnskapsoversyn. Studentar vil også ofte samle eit erfaringsmaterieil og bruke utdanningsvitenskapleg metode til å undersøke, systematisere og belyse materialet. Arbeidet med oppgåva skal gje erfaring i å søke og nytte litteratur og bygge på både oppgitt og sjølvvald pensum. Omtalar, analysar og vurderingar i oppgåva skal vere solid fagleg utvikla og underbygde. FoU-oppgåva er eit individuelt arbeid. Framstillinga skal vere i samsvar med reglar og retningslinjer for vitenskapleg og fagleg forfattarskap.

I oppgåver som brukar materiale som studenten sjølv samlar inn, er det eit krav at dette skal hentast inn slik at meldeplikt til Norsk senter for forskningsdata (NSD) ikkje blir utløyst. Føresette skal gje samtykke dersom elevane som deltar i undersøkinga, er umyndige («under myndighetsalder»). Gjennom oppgåva skal studenten dokumentera kjennskap til aktuell forskning på det området studenten skriv om. Studenten skal bruke teori og anna fagstoff som grunnlag for å undersøke problemstillinga. Metoddelen skal dokumentera framgangsmåtar på ein slik måte at det gjev høve til å sjå korleis studenten har henta inn og brukt materialet og korleis han eller ho har kome fram til resultatata. Resultata skal drøftast ut frå dei vanlege vitenskaplege krava til kva som er påliteleg og gyldig.

## Arbeidskrav

Arbeidskrava må vere godkjende for at studentane skal kunne gå opp til eksamen. Sjå fagplandelen ovanfor for nærare informasjon om krav til innlevering og villkår ved manglande innlevering.

- Produsere **digital bildebok** i gruppe. I arbeidet skal studentane bruke estetiske arbeidsmåtar, både taktile og visuelle. Arbeidet modellerer ei arbeidsform som er tenkt brukt på småtrinnet. Målform: den målforma som ikkje blir nytta i FoU-oppgåva.
- **Adaptasjon av klassisk verk** for vaksne tilpassa elevar på barnetrinnet. Skal gjennomførast gruppevis eller individuelt i praksis etter nærare retningslinjer i undervisningsplanen. Arbeidet skal i tillegg presenterast munnleg i undervisninga på høgskulen (om lag 20 minutt per gruppe).
- **Skriftleg fagartikkel** etter nærare retningslinjer i undervisningsplanen (om lag 1800 ord). Digital respons frå faglærar. Innlevering på høgskulens læringsplattform. Målform: den målforma som ikkje blir nytta i FoU-oppgåva.

### Arbeidskrav og deltaking i faglege aktivitetar knytt til FoU-oppgåva

Følgande arbeidskrav må vere gjennomførte før FoU-oppgåva kan leverast til sensur:

- Innlevering av eit notat på 400 ord +/- 10 % om opplegg for oppgåva. Notatet skal ha med omtale av emne, spørsmål studenten vil undersøke, aktuell forskingslitteratur og anna fagstoff han eller ho forventar å sette seg inn i som del av arbeidet med oppgåva, kva slags materiale studenten planlegg å samle inn og undersøke, forskingsmetode studenten skal bruke og skisse til oppgåvedesign. Same målform som FoU-oppgåva.
- Notat før siste rettleiing med utdrag av oppgåvetekst på 1500 ord +/- 10 %. Same målform som FoU-oppgåva.

Faglege aktivitetar med krav om deltaking:

- Delta på fleirfagleg undervisning om utdanningsvitenskap og metode, forskningsetikk og grunnlagsspørsmål
- Delta på kurs i akademisk skrivning og IKT
- Delta på to rettleiingar i seminar eller individuelt. Rettleiaren set opp tidspunkt og krav til bidrag.
- Delta på delingskonferanse med eige framlegg og respons på medstudentar sine framlegg



## Vurdering

Eksamen er organisert som to deleksamenar.

Deleksamen 1:

Individuell munnleg eksamen med presentasjon. Omfang: om lag 30 minutt. Studenten får tre dagar før eksamenstidspunktet eit tema innan litteratur eller språk. Studenten skal førebu ein fagleg og didaktisk presentasjon med sjølvformulert problemstilling og val av fokus. I vurderinga vil ein leggje vekt på fagleg og didaktisk innhald, presentasjonsform og munnleg framstillingsevne. Etter presentasjonen trekkjer studenten eit emne innan den andre delen (litteratur eller språk). Munnleg eksaminasjon.

Deleksamen 2:

Individuell FoU-oppgåve må leverast elektronisk innan oppgitt frist. Oppgåva skal ha eit omfang på om lag 7000 ord og har valfri målform. Oppgåva må oppfylle IKT-krav og andre fastsette krav til utforming. Slike kriterium blir publiserte på høgskulens læringsplattform i god tid før studenten begynner på oppgåva si. Oppgåva som blir levert inn, skal ha som vedlegg ei eigenerklæring som gjeld fusk og plagiering og ei eigenerklæring om korfor oppgåva ikkje utløyser NSD-krav (sjå ovanfor).

### Hjelpemiddel til eksamen

Deleksamen 1:

I førebuinga til eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, men under eksamen er det ikkje tillatt med hjelpemiddel.

Deleksamen 2:

Alle hjelpemiddel tillatne.

### Sensorordning

Deleksamen 1:

Det blir nytta ekstern og intern sensor på den munnlege eksamenen.

Deleksamen 2:

Det blir nytta ekstern og intern sensor. Normalt er rettleiaren den interne sensoren.

### Vurderingsuttrykk

Det blir nytta ein gradert karakterskala fra A til E for bestått og F for ikkje bestått eksamen. Karakterar i deleksamen 1 og deleksamen 2 blir slått saman og vekta likt.

### Ny/utsatt eksamen

Stryk studenten på ein av dei to deleksamenane, må studenten ta opp igjen berre den eine eksamenen, ikkje begge.

Deleksamen 1:

Ny/utsatt eksamen blir arrangert som ved ordinær eksamen.

Deleksamen 2:

Dersom FoU-oppgåva har fått ein ikkje-bestått karakter, vil det vere høve til å omarbeide oppgåva ved første ny og utsett eksamen. Etter dette må studenten levere ny oppgåve. Dersom FoU-oppgåva har fått ein bestått karakter, kan studenten ikkje levere ei forbetra oppgåve, men må skrive ny FoU-oppgåve til ein eventuell ny eksamen. Dette inneber at studenten må skifta temaområde, eventuelt materialet for undersøkinga, fagleg grunnlag og problemstilling. Innlevering av forbetra versjon av same oppgåve som ved tidlegare eksamenar, er ikkje tillate. Slik innlevering vil ikkje bli vurdert.

## **Pensum**

Eventuelle endringer i pensum skal vere godkjende av studieleiar.

### **Vitskapsteori og forskningsmetoder**

Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblick: innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Kristiansand: Høgskoleforlaget. (155 s.)

Alternativt kan studentane velje:

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Nilsen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier. Den skrivende forskeren*. Oslo: U-forlaget

Johannessen, A. & Christoffersen, L. (2012) *Forskningsmetode for lærerutdanninger*. Oslo: Abstrakt forlag

### **Språklege emne:**

#### **Teori**

##### **Bøker**

Berggreen, H., Sørland, K. & Alver, V. (2012). *God nok i norsk? Språk og skriveutvikling hos elever med norsk som andrespråk, (s 7 – 60 + 175 – 19 + 143 – 157)*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. (88 s.)

Bråten, I. (red.) (2007). *Leseforståelse. Lesing i kunnskapssamfunnet – teori og praksis*. (kapittel 3, 6, 8, 11 + eitt valfritt kapittel )Oslo: Cappelen akademisk forlag. (117 s.)

Helleland, B. & Papazian, E. (2005). *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. (kapittel 1 og 3.) Oslo: Høgskoleforlaget (35 s.)

Håland, A., & Lorentzen, R.T. (2007). *Skriving og læring*. I Håland, A., & Lorentzen, R.T. *Dialogar om tekst. Praktisk arbeid med elevtekstar i norskfaget*. (s. 23-64) Oslo: Universitetsforlaget. (41 s.)

Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U. & Sandøy, H. (2008). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk..* (kap. 2 Fleirspråklegheit, kap. 5 Normer, kap. 6 Språk og identitet, kap. 7 Talevariasjon, register og medvit og kap. 9 Skriftvariasjon) Oslo: Cappelen Akademisk Forlag. (97 s.)

Skjelbred, D. (2010). *Fra Fadervår til Facebook. Skolens lese- og skriveopplæring i et historisk lys*. Bergen: Fagbokforlaget (152 s.)

Skjong, S. & Senje, T. (2005). *Elevfortellinger. Analyse og vurdering*. (s. 38-66 og s 67-102) Oslo: Cappelen. (63 s.)

Torp, A. & Vikør, L. (2003). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. (Kap 2 Allment, kapittel 3: Allment, kapittel 7 + kapittel 12, tillegg 2: Prinsipp for språknormering.) Oslo: Gyldendal akademisk. (34 s.)

#### **Artiklar i kompendium**

Frost, J. (2009). Å måle effekt av leseopplæringen. I Frost, J. (red.). *Språk- og leseveiledning i teori og praksis*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag (19 s.)

Lyster, S. A. H. (2012). *Vansker med leseforståelse og tekstskriving – kartlegging og tiltak. + Bruk av hjelpemidler i undervisningen*. I Lyster, S.A. H. *Elever med lese- og skrivevansker. Hva vet vi? Hva gjør vi?* (s. 77-97) Oslo: Cappelen Damm Akademisk. (20 s.)

- Håland, A. (2009). Skriv slik at nokon får lyst til å lesa teksten din. Fagtekstskrivning på mellomtrinnet. I Knudsen, S.V., D. Skjelbred, D. & Aamotsbakken, B: (red.). *Lys på lesing. Lesing av fagtekster i skulen.* (s. 145-164) Oslo: Novus Forlag. (19 s.)
- Jansson, B. K. & Skjong, S. (2011). Toskriftskompetanse på barnetrinnet: Nynorsk for elevar med bokmål som opplæringskriftspråk. I Jansson, B. K. & Skjong, S. *Norsk=Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skulen.* (s. 136-161) Oslo: Samlaget. (25 s.)
- Klaus, P.N & Sammallahti, P. (2011). *Nordsamisk grammatikk.* (s. 1-17) Karasjok: Davvi Girji forlag. (17 s.)
- Løvland, A. (2015). Sammensatte fagtekster – en multimodal utfordring? I Maagerød, E. & Tønnessen, E.S. *Å lese i alle fag.* (s. 119-141) Oslo: Universitetsforlaget. (17 s.)
- Næss, Å. (2011). Samisk (nordsamisk). I *Global grammatikk: Språktypologi for norsklærere.* (s. 253 -254.) Oslo: Gyldendal akademisk (2 s.)
- Palm, K. & Stokke, R. S. (2013). Early Years Literacy Program - en modell for grunnleggende lese- og skriveopplæring i flerspråklige klasserom? I *Norsklæraren 4 2013.* Bergen: Fagbokforlaget (14 s.)
- Palm, K. & Stokke, R. S. (2015). Utforskende samtaler i det flerspråklige klasserommet. I Christensen, H. & Stokke, R. S. *Samtalens didaktiske muligheter.* (s. 83-103) Oslo: Gyldendal (20 s.)
- Palm, K. & Ryen, E. (2014). Vurdering av andrespråksinnlærere – en utfordring i skolen. I *Acta Didactica,* (18 s.)
- Penne, S. & Hertzberg, F. (2008). Muntlighet i norske klasserom – hva er det? I Penne, S. & Hertzberg, F. *Muntlige tekster i klasserommet.* (s. 17-24) Oslo: Universitetsforlaget. (7 s.)
- Riley, J. og Reedy, D. (2005). Developing young children's thinking through learning to write argument. I *Journal of Early Childhood Literacy 5 (1)* . Tilgjengeleg frå <http://ecl.sagepub.com/content/5/1/29> (24 s.)
- Roe, A. (2011). Leseprøver og ulike vurderingsmåter. I Roe, A. *Lesedidaktikk etter den første leseopplæring.* (s.172-200) Oslo: Universitetsforlaget (28 s.)
- Spurkland, T. (1987) Språkutviklingen før 1814. I Johnsen, E. B. *Vårt eget språk* . Oslo: Universitetsforlaget (12 s.)
- Solheim, R. & Matre, S. Forventninger om skrivekompetanse. Tilgjengeleg frå [http://norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2014/03/videnom\\_15\\_8.pdf](http://norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2014/03/videnom_15_8.pdf) (11 s.)
- Stifoss-Hansen, A. (2010): Multimodal tekstskaping. I Tønnessen, E. S. & Vollan, M. *Begynneropplæring i en sammensatt tekstkultur.* Kristiansand: Høgskoleforlaget. (26 s.)
- Sæbø, A. B. (2010). Drama som estetisk læreprosess for å utvikle leseforståelse, *FoU i Praksis 4.* (16s.)
- Tønnesen, E. S. & Vollan, M. (2010). Tekster og lesere i praksis. I Tønnesen, E. S. & Vollan, M. *Begynneropplæring i en sammensatt tekstkultur.* (s. 11-31) Kristiansand: Høgskoleforlaget. (20 s.)
- Tønnessen, E. S. (2013): Læreboka som kunnskapsdesign. I Askeland, N., Maagerød, E. & Aamotsbakken, B. (red). *Læreboka – studier av ulike læreboktekster.* (s. 147-163) Trondheim: Akademika. (16 s.)

Wadsteen, M. (2014). Kopling av straumkrinsar. I Kringstad, T. & Kvithyld, T. (red). *Vurdering av skrivning*. (s. 41-64) Bergen: Fagbokforlaget. (20 s.)

(Teoripensumet om språk er ca 980 sider)

### Tekstpensum

Læremiddel:

- eit leseverk for 1.trinn
- eit norskverk for mellomtrinnet
- ei fagbok i eit anna fag enn norsk
- ein digital læringsressurs i norsk for barnetrinnet.

### Referanselitteratur

Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett: [www.ordbok.uib.no](http://www.ordbok.uib.no)

Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1995). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

### **Litterære emne:**

### **Teori**

#### *Bøker*

Andersen, P. T. 2012. *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget (eit utval på 100 s. etter avtale med faglærar)

Skardhamar, A.K. 2011. *Litteraturundervisning. Teori og praksis*. Oslo, Universitetsforlaget. (149 s.)

Tønnessen, E. S. (red). (2014). *Jakten på fortellinger. Barne- og ungdomslitteratur på tvers av medier*. (kap. 1-3 s. 13-65 og kap. 8, 128-146) Oslo: Universitetsforlaget. (70 s.)

#### *Artiklar/kapittel i kompendium:*

Bache-Wiig, H. (2006). Norsk barnelitteratur mellom Wonderland og Neverland - Om samspill mellom gammelt og nytt, fremmed og hjemlig i norsk barnelitteratur. I Christensen, N. & Skyggebjerg, A.K. (red.). *På opdagelse i børnelitteraturen*. (s.81- 94) København: Høst & Søn (13 s.)

Bramness, H. (2015.- Den røde linja. Om å henvende seg til barn i dikt. I Skaret, A: *Barnelyrikk: En antologi*. (s. 16-21) Gjøvik: Oplandske bokforlag A/S. (15 s.)

Christensen, N. (2006). Én stor familie? Tekstanalysen som utgangspunkt for studier af børnelitteratur. I Mørch-Hansen, A. & Pohl, J. (red.). *Børnelitteratur i tiden. Om danske børne- og ungdomsbøger i 2000'erne*. København: Høst & Søn (18 s.)

Cocq, C. (2005) Stallu – Återkomsten. En jämförelse av traditionella berättelser i dåtid och nutid. I Axelsson, P. & Sköld, P. (red). *I Ett land, ett folk. Sápmi i historia och nutid. Skrifter från Center för forskning*. (s. 273-285) Umeå : Centrum för samisk forskning, Umeå universitet. (12 s.)

Engelstad, A. (2011). *Filmen forteller*. I Engelstad, A. & Tønnessen, E. S. *Film - en innføring*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. (43 s.)

Birkeland, T. & Mjør, I. (2013) Barnelitterær kritikk, vurdering og debatt. I Birkeland, T. & Mjør, I. *Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar*. Oslo: LNU/Cappelen Damm Akademisk. (13 s.)

Ommundsen, Å. M. (2006) Barnebokas begynnelse i Norge. Kulturkamp, identitet og nasjonsbygging i 1800-tallets Norge. I Bache-Wiig, H. *På terskelen. Bidrag om nordisk barne- og ungdomslitteratur*. Oslo: Novus forlag. (11 s.)

Ommundsen, Å. M. (2006): All-alder-litteratur; litteratur for alle eller ingen? I Ewo, J. & Sverdrup, K. W. (red.). *Kartet og terrenget. Linjer og dykk i barne- og ungdomslitteraturen*. Oslo: Ompipax (20 s.)

Ommundsen, Å. M. (2013). En roman for vår tid? Synnøve Solbakken i det flerkulturelle klasserommet. I Blikrud, L., D'Amico, G., Wulfsberg, M. & Åslund, A. (red.). *Den Engasjerte kosmopolitt: nye Bjørnson-studier*. Oslo: Novus Forlag. (20 s.)

Nikolajeva, M. (2000). Innledning. I *Bilderbokens pusselbitar*. (s. 11-44) Lund: Studentlitteratur AB. (33 s.)

Tønnessen, E.S. (2012): På vandring i fortellingenes og kulturens skoger. I Bjorvand, A.M. & Tønnessen, E.S. *Den andre leseopplæringa. Utvikling av lesekompetanse hos barn og unge*. (s. 11-34) Oslo: Universitetsforlaget. (23 s.)

Penne, S. (2001). Klassikere i klasserommet. I *Norsk som identitetsfag*. (s. 174-181) Oslo: Universitetsforlaget. (7 s.)

Nergård, M.E. & Nicolaisen, T. (2016): Å utforske den skjulte literacy i flerspråklige klasserom. I Lindboe, I. M. og Randen, G.T, Skrefsrud, T.A. & Østberg, S.. *Refleksjon og relevans - språklig og kulturelt mangfold i lærerutdanningen*. Gjøvik: Oplandske bokforlag A/S. (22 s.)

Skaret, A.: Alf Prøysens sanglyrikk for barn illustrert. I Skaret, A: *Barnelyrikk: En antologi*. Gjøvik: Oplandske bokforlag A/S. Gjøvik (14 s.)

(Teoripensum om litteratur er ca. 572 sider)

### **Tekstpensum**

*Skjønnlitterære tekstar:*

- 8 romanar (1-2 for vaksne og 6-7 for barn og unge)
- 2 skodespel (1 for vaksne og 1 for barn)
- 4-5 bildebøker
- 1-2 digitale bildebøker
- 2 teikneseriar
- 1-2 filmar og 1-2 kortfilm
- 20 dikt frå ulike tider
- 50 sider noveller, eventyr og forteljingar (kopierte i kompendium)

*Sakprosa:*

- 2 fagbøker for barn

### **Referanselitteratur**

Andersen, P. T. (2012). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget

Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K. B. (2005). *Norsk barnelitteraturhistorie*. Oslo: Samlaget

Havnevik, I. (2002). *Dikt i Norge. Lyrikkhistorie 200-2000*. Oslo: Pax Forlag

Lothe, J. (2003). *Fiksjon og film. Narrativ teori og analyse*. Oslo: Universitetsforlaget

Lothe, J., Refsum, C. og Solberg, U. (1997). *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget

Mjør, I. & Birkeland, T. (2012). *Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar*. Oslo: Cappelen

Andersen, P. T., Mose, G., & Norheim, T. (red). (2012). *Litterær analyse. En innføring*. Oslo: Pax.

Hennig, Å. (2013). *Litterær forståelse: innføring i litteraturdidaktikk*. Oslo: Gyldendal akademisk.